



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Helsefagarbeidar - 2 faste 100% stillingar

Stillingsinformasjon

Meland heimeteneste har frå dags dato ledig 2 faste 100% stillingar som helsefagarbeidar.

Vaktene er i knytta mot brukarar med nedsett funksjonsevne i tillegg til ordinær heimesjukepleie. I turnusen er det dag og kveldsvakter. Arbeid tredje kvar helg. Den eine stillinga er knytta mot heimetenestekontoret på Vikebø, den andre på Frekhaug.

Kvalifikasjonskrav

Offentleg godkjent helsefagarbeidar.

Vi ynskjer ein person som er arbeidsom, kreativ, fleksibel, lett å samarbeide med.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 20.04.2017

Utlyst dato 04.04.2017

Vårref

659/17

Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimeteneste, tlf: 56171210, mobil: 99497611, britt.romarheim@meland.kommune.no